

# Årsmelding for IMS Ung

## Tilsette

Johannes Olsen, Ung-leiar 80%  
 Eirik Stensland, Ungdomsarbeidar 80%  
 Lise Marie Thuestad Litlabø, Barne- og  
 familiarbeidar 50 %

2021 skulle vore året der me reiste oss frå pandemien. Og me fekk smake litt av gleda i fellesskapet før det igjen vart stengt ned. Knuste håp og endring av planar har blitt ein del av kvardagen, og det merkast både blant oss tilsette og misjonsfolket. Det krev energi å ikkje kunne gjere noko av gammal vane, og å stadig ta utfordrande val for fellesskapet. Me er derfor veldig godt fornøyd med alle arrangementa me har fått gjennomført, og at me har klart å skape gode møtepunkt med Jesus. Dette året har me hatt ein stabil stab, men sidan mykje av lagsarbeidet har vore nedstengt, har Lise Marie vore permittert store deler av året. Dette får sjølvstapt ein konsekvens for kor mykje me får vore ute på lagsbesøk, og dermed òg kontakt med ungar me kan få med på leir.


## Lagsarbeidet

Ved utgangen av 2021 hadde me 49 barne- og ungdomslag, fordelte slik:  
 17 ungdomslag  
 27 barnelag  
 5 barne- og ungdomskor

Som nemnt har det vore vanskeleg å drive lagsarbeid gjennom pandemien. Det har krevd ekstra energi, og kreativitet. Mange gonger har smittevernsreglane sett begrensningar. Men sjølv når det ikkje var begrensningar for barne- og ungdomslag ei stund var det vanskeleg å sette i gang på kort varsel, og det var ein del usikkerhet

rundt om folk våga å kome. Dette gjer at nokre lag ikkje har hatt arbeid på ca 2 år. Og me er usikre på om alle lag kjem i gang igjen. Då er det gledeleg å sjå at me har 2 nye ungdomslag, og at dei fleire stader har endra litt på måten dei driv lag, slik at det vert enklare å drive dei. Ein anna hyggeleg ting på lagsfronten, er at me har fått til zoom-møte for lagsleiarar. Der kan me oppmuntre kvarandre, be for kvarandre og hjelpe kvarandre med utfordringar. Me vonar at fleire kjem på dei møtene i 2022, og at det kan gi kraft til dei lokale laga slik at Jesus blir tilgjengeleg for fleire barn og unge.

## Leir



Sjølv om det har vore pandemi, har me vore heldige med tidspunkta for leirane. Både sommarsesongen og adventssesongen fekk me gjennomført utan å ha mykje ekstraarbeid med smittereglar.

## ConTeenNew konfirmantarbeid

ConTeenNew har stort sett blitt spart for nedstenging og restriksjonar. I 2021 fortsette me med dei 9 konfirmantane som starta i 2020. Årets misjonstur (ein veker langtur i vinterferien med hovudmål om å sjå utadretta kristent arbeid) og sjølv konfirmasjonen vart vanskeleg å utføra på sjølv datoane, februar og april, og me valde å utsetta desse til i august. Eit nytt kull på 11 konfirmantar

# Årsmelding for IMS Ung

starta i september og for fyrste gong vart me velsigna med 4 konfirmantar frå Norheimsund. Me valde difor å flytta mesteparten av undervisningssamlingane våre til Betania i Os frå Horneland på Stord. Dette har fungert godt. Me er framleis 5 leiarar i konfirmantarbeidet: Hilde Kristin Teigland, Kjetil Fyllingen, Kjerstin H. Stokken, Bernt Arild Gjøvåg og Eirik Stensland. Framleis er nok den største motivasjonen for oss leiarar og få sjå konfirmantane veksa i kjennskap og kunnskap om Jesus, noko som me også i 2021 kan takka Gud for.

## Kjør igjønå-basar

Me gjentok suksessen frå i fjor med basar på hjul. Det vart òg i år ein fin måte å skape engasjement i bygdene. Og me tilsette fekk treffe mange barn og familiar. Det var kjekt å prøve å kome nokre nye stader, og det var mange som hjalp til.

## Pit Stop

Me var heldige som fekk arrangere Pit Stop som normalt igjen. Likevel var me litt færre enn me pleier. Det kan ha ulike orsakar, men kanskje mest at det har vore ein generell nedgang i kor mange me klarer å samle i lokale lag òg. Men dei som kom, fekk i alle fall oppleve godt fellesskap og god forkynning. Temaet var «FRI» og Hilde Kristin Teigland tok oss fint gjennom bibeltimane. Bildøyteamet bidrog som talarar på kveldsmøta, og i tillegg kunne dei dette året ha lovsongen. Det var kjekt å sjå ungdommar som vil høyre meir om Jesus, og ta nye skritt mot Jesus og leve saman med han.

## UNG-råd

UNG-rådet har hatt ei samling i 2021. Det var plan om fleire men pandemien og nokon andre ting øydela for det. Men den første samlinga gav god hjelp til å sjå dei store linjene for UNG-arbeidet i IMS. Eg trur me vil sjå frukter av det i åra som kjem, og så satser me på fleire møtepunkt i 2022.

## Utfordringar og moglegheiter

Etter nok eit år i pandemi er det nok av ting å ta tak i. Og mykje av barne- og ungdomsarbeidet er nok sett litt tilbake. Eg trur Gud kan lære oss ting i vanskelege tider. Og kanskje har han fått skjært vekk gode greiner for at treet skal bære endå meir frukt. Me lever uansett i håpet om at Jesus framleis vil gjere gode ting i barn og unge sitt liv, og at me kan sjå at fleire lærer å kjenne, elske og tene Jesus Kristus gjennom UNG-arbeidet i IMS.

Helsar dykk med desse versa til oppmuntring om å løfte blikket:  
*«Derfor, når vi har så stor en sky av vitner omkring oss, så la oss legge av alt som tynger, og synden som så lett fanger oss inn, og med utholdenhet fullføre det løpet som ligger foran oss, med blikket festet på ham som er troens opphavsmann og fullender, Jesus. For å få den gleden han hadde i vente, holdt han ut på korset uten å bry seg om skammen, og nå har han satt seg på høyre side av Guds trone. Ja, tenk på ham som holdt ut en slik motstand fra syndere, så dere ikke blir trette og motløse.»*

- Hebr. 12, 1-3

Johannes Olsen – Ung-leiar i IMS